



KRISTNE FORENING FOR HELSEPERSONELL

er en sammenslutning på evangelisk
felles kristelig grunn.

Kristne fra alle grupper innen
helsesektoren kan bli medlemmer.

Foreningens formål er:

1. Å samle kristne fra alle grupper innen helsesektoren for:
 - a) å utdype det kristne fellesskap
 - b) å be for sine arbeidsplasser og helsesektoren
 - c) å tilby litteratur
2. Å bidra til at kristent helsepersonell blir trygg på eget verdigrunnlag og det kristne menneskesyn, for å formidle Jesu kjærlighet.
3. Å inspirere helsepersonell til å ivareta pasienters/klienters/brukeres åndelige behov.

Leder: Anne Marit Dugstad
Melsvegen 33
5710 Skulestadmo
Mobil 4813 5573

Nestleder: Brit Marie Slåttebrekk
Øygardshaugen 105
4280 Skudeneshavn
Mobil 4191 6406

Senterleder: Sandra Kristine Ingebregtsen
Tlf. 2269 4451, hver mandag fra 1000 – 1400

KFH-senteret: Hegdehaugsv. 5 A, 0352 Oslo
Giro nr. 7874 064 5845, Tlf. 2269 4451,
E-post: kfhelse@gmail.com
Hjemmesider: <http://www.kfhelse.no>

Ansvarlig redaktør: Anne Marit Dugstad
e.post: annema.dugstad@gmail.com

Redaksjonskomite:
Ingrid Økesveen
Barbara Lovett
Katrina Elisabeth Hjermann

Layout: Ingebregtsen Data Design



INNHold

Leder.....	3
HCFI 80 år.....	4
Nordisk Konferanse.....	6
Saline.....	8
Ulike Gudsbilder.....	10
Pappa med pågangsmot.....	12
Be skal du få.....	14
Kjære trofaste medlemmer..	14
Hilsen fra Bønnekordinator..	15
Hva skjer i 2016.....	16

Forside Bilde: Valmuer i sommervind 2010
Applikasjon, maskin og håndbroderi.
Fra «Salmer i skattkisten»
Magda Imregh. www.magda1.com

Bønnekoordinator: Sigrun D. Sollien
e.post: sisollie@online.no
Mobil 4760 5949

Nordisk Koordinator: Inga Helver, Lindegaards-
vej 18, 3630 Jægerspris, Danmark
Tlf. 00 45 984 84 915, Mob. 00 45 207 63 037
E-post: inga@krisos.dk



Kjære Dykk!

No, i skrivande stund er det vår, og sommaren har kome når du får dette bladet i hendene! Det er verkeleg vakkert ute, iallefall på Voss! Blå himmel, kvite fjelltoppar, bakkane og trea som vert grønare for kvar dag og vatnet som speglar det heile!! Det er å anbefala å køyra gjennom og besøkja Vossebygda ein fin vår eller sommardag!

Til neste år i august kan du få anledning til det, for me planlegg å halda vårt neste landsmøte her i mi heimbygd! Set av dagane alt no!

Mykje har skjedd sidan sist blad kom ut, m.a. den Nordiske konferansen i Sverige, der me også hadde kurs i Salineprosess. Sjølv om me var få, hadde me gode og inspirerande dagar med topp undervisning av Chris Steyn, Internasjonal koordinator i HCFI. Du kan lesa om undervisninga og Salinekurset annan stad i bladet.

Eg ynskjer å trekkja fram bibeltimen frå den siste Europeiske bønneveka i januar, som også vart referert til i forrige blad. Bibeltimen handla om krisesituasjonen i helsevesenet i våre Europeiske land. Det vart referert til historien i Apgj. 27, 9 – 44, der Paulus var ombord i eit skip som forliste. I vers 10-11 står det at Paulus advarte menneskapet å dra ut, men offiseren stolte meir på styrmannen enn på det Paulus sa. Vidare kan me

lesa om Paulus si viktige rolle som hjelpar då det heldt på å gå skikkeleg gale. I dag er det slik at ein i helsevesenet stolar meir på andre ideologiar og impulsar frå andre religionar enn på dei verdiane som er bygt på den kristne trua. Yoga har til dømes fått meir og meir innpass i rehabiliterings- og treningsopplegg. Kunnskapen og bevisstheita om den kristne trua som kan bety ein uvurderlig ressurs i møte med livet, med sjukdom og død, synes dessverre ofte manglande. Dette er ting som har skjedd umerkande utan dei store orda, men etterkvart, spesielt det siste året opplever iallefall eg at tendensen har vorte meir synleg.

Eg synest me har mykje å læra av Paulus i historien om forliset. Han advarte utan at dei høyrde på han, men han tok også ansvar då det heldt på å gå gale. Så kjære vener, lat oss vera våkne, lat oss blankpussa kva og kven me trur på. Då vert det lettare å skilja kva me kan akseptera og kva me må sei nei til dersom me vil vera tru mot vår fantastiske Far i Himmelen. La oss søkja Han, tilbe Han og bruka tid saman med Han og Hans ord, for det er det som utrustar oss til å kunna ha noko å gi, slik Paulus gav då krisa oppstod.

Eg vert aldri trøyt av å trekkja fram bønnens betydning, – at me som kristne

Forts./side 4



Fra side 3/...

kollegaer finn saman på våre arbeidsplassar, slik at me kan støtta kvarandre og be saman!

Eg er veldig glad for at ein kristen lege og eg no har starta ei bønnegruppe i sjukehuskapellet på min arbeidsplass. Dette har vore ein lengsel i oss begge i fleire år. Plutseleg åpna det seg ei dør, slik at me kunna starta! Me arbeider også for tida med å få i stand ei bønnegruppe

i KFH-Senteret i Oslo. Ver gjerne med og be om at det må lukkast.

Den 15 oktober skal me halda vårt første kurs i Salineprosess i Norge, nærare bestemt i Oslo, sjå opplysningar på siste side.

Så vil eg ynskja dykk alle ein velsigna god sommar!

Helsing Anne Marit

«HCFI arbeider med å inspirera og utrusta kristent helsepersonell til å gjenspeila Jesus Kristus i dagleg liv og arbeid»

Bevægelsen har i dag grupper og arbeid i 90 – 100 land verden over. Grunnleggjaren Francis Grim (1912-2005), som sjølv var postfunksjonær, vart kjent med sjukehusverden i 1936 då faren hans vart alvorleg sjuk. Gjennom samværet med sin sjuke og døydande far, forstod han meir av at Jesus Kristus såg heile mennesket- både ånd, sjel og lekam. Han oppdaga den unike anledningen kristne i helsevesenet har til å utretta sitt arbeid med medkjensle i Jesu Namn. Spørsmålet som etterkvart vaks fram som ei drivkraft i det han utretta var: Korleis står det til med helsepersonell sitt åndelege liv, og frelse for pasientane dei betjener? Han byrja å samla kristent helsepersonell til samtale, undervisning og bøn.

Mange vart gripne og smitta av Grim sin iver og entusiasme etter frelste sjeler og å byggja Guds rike i helsevesenet. Snart var det ein straum som brakte visjonen vidare. Grim såg at ei kraftfull

og trufast forbønnsteneste var det som skulle til for å få arbeidet til å slå rot og å veksa.

GRIMS VISJON: Helsevesenet er strategiske plassar der ein kan nå verden med budskapen om Jesus Kristus. Heile samfunn kan få innflytelse, sidan allslags menneske frå tid til annan treng medisinsk hjelp. For mange menneske er sjukehus og institusjonar den siste stoppen før døden og evigheita.

Velkjente utsagn av Francis: «Det passerer fleire menneske gjennom sjukehus og institusjonar enn gjennom kyrkjedørene.» «Helseinstitusjonar er fortsatt åpne når kyrkjer vert stengde.»

SAMLA NASJONANE: Grim si teneste førte til ei verdensvid reising frå 1951 til 1999 til meir enn 100 land. Han meinte at ein sterk åndeleg kropp på tvers av nasjonar, yrke og kyrkjesamfunn kunne vera ein mektig og effektiv katalysator for



det gode i helsevesenet. Internasjonale samlingar gav sterk vokster i bevegelsen. Mange nye fulltidsarbeidarar kom til.

Francis vart gift me Erasmia i 1968. Ho hadde same kall, og byrja å reisa saman med mannen sin rundt om i verden. Ho lever endå og er til stor inspirasjon for mange. Eg møtte henne på GPS i Wales i september i fjor. Fekk ein liten personleg samtale med henne der ho oppmuntra meg som leiar i KFH. Som ei god og omsorgsfull mor. Eg har også møtt Grim personleg fleire gonger, m.a. på eitt av hans besøk til Norge. Ein stor mann med ei sterk personlegheit og utstråling. Han døydd i 2005, 93 år gamal. Hans siste ord var «Takk Jesus, takk Jesus...»

Ei god stund før Grims død vart det stifta eit internasjonalt styre med medlemmer frå ulike verdensdelar, m.a. for å sikra vidareføring av arbeidet. Dr George Mc Donald frå Irland overtok som president etter Grims død.

Evangelisering, disippelskap og bønn står sentralt i bevegelsen og det er utvikla ulike kurstilbud innanfor desse områda. HCFI-basen «Hebron» ligg i Sør Afrika nær Johannesburg. Her ligg også «House of Prayer for All Nations», der dei har daglege samlingar og der ein har anledning til å trekkja seg tilbake for å søkja Gud.

HCFI I DAG: I løpet av dei 2 siste åra har eg vore på 2 verdensomspennande konferansar i HCFI-regi. Har fått litt innblikk i korleis arbeidet vert drive i dag; Ein arbeider aktivt med å få ein struktur på den verdensvide bevegelsen med ulike

styre m.m. og legg aktive planar for framtida utifrå ulike visjonar.

Saman med andre kristne organisasjonar innanfor helse har ein oppretta eit samarbeid med «International Health Services» som har utvikla kursopplegget «Salineprosess». Målet med kurset er å utrusta kristne til å vera eit vitne på sin arbeidsplass.

HCFI-arbeidet har også bevega seg ut frå sjukehus og institusjonar. Ein samarbeider med organisasjonar som oppsøker kriseramma område der dei gir humanitær hjelp og deler evangeliet.

Ein har oppretta kontakt med andre organisasjonar som arbeider aktivt med å byggja opp gode nærmiljøsamfunn i fattige område med skule, helsehjelp og kyrkje.

På den siste konferansen eg var på i Wales i september 2015 fekk me også høyra om visjonar ulike folk har på å byggja sjukehus etter Guds standard. Liknande visjonar vart også delt på den Nordiske konferansen i mars i år. Her var det ei svensk dame som informerte om at det er eit gryande tanke- og bønnearbeid på gang for å byggja senter og sjukehus på kristen grunn også i Sverige.

Den viktigaste nøkkelen til framgangen i Grim sitt liv, var ein tett relasjon med Herren gjennom mykje tid i bønn og Guds Ord. Denne nøkkelen er også viktig for oss. Det er så mykje å finna når me går djupt med Herren. Ressursar og innsikt til å kunna gå mot den straumen av sekularisering som vi opplever i dag, og skapa noko nytt!

Anne Marit





NORDISK KONFERANSE SVERIGE APRIL2016

Undervisning ved Chris Steyn, internasjonal koordinator i HCFI

Chris underviste om innflytelse, lederskap og å gjøre disipler utifra Matt. 28, 18 – 20.

Jeg vil i det følgende gi noen smakebiter av undervisningen, også litt farget av mine tanker. Det er ikke noe direkte referat.

Vi brukte mye tid på gruppearbeid der vi selv måtte reflektere over ulike spørsmål, som f.eks.: Hva mener en med det å fullføre misjonsbefalingen? Hva driver vi på med når vi fullfører misjonsbefalingen?

Å fullføre misjonsbefalingen betyr å ha innflytelse med det en tar imot fra Herren.

Vi er vitner, vi er salt og lys, vi evangeliserer, vi gjør disipler. Dette er arbeid som virker forvandlende og beskyttende på våre samfunn.

Når du deler ditt vitnesbyrd om hva Gud har gjort i ditt liv, er du med på å fullføre misjonsbefalingen.

Det var veldig inspirerende å få dybdeundervisning om misjonsbefalingen i Matt 28, 18 – 20. Vi har lett for bare å se på det vi skal gjøre i vers 19. Oppdraget virker uoppnåelig og overveldende. Men i vers 18 står det at Jesus er gitt all makt..., i vers 20 står det at Han er med alle dager. Det er Han som er hovedpersonen

og aktøren i det hele. Vi er redskaper som Han vil bruke for å fullføre Sin store Frelsesplan.

Et nytt uttrykk ble lansert: Misjonsbefalingen er som en god burger fra McDonalds, 3 M-er; «Makt-Misjon-Med dere». Vi mennesker er som karbonaden, Gud er som brødet over oss med Sin allmakt og under oss med Sitt nærvær.

Det mest sentrale oppdraget vi blir gitt i Misjonsbefalingen er å gjøre disipler.

En disippel er en etterfølger av Jesus.

Å gjøre disipler er selve motoren i kristent arbeid. Fordelen med å gjøre disipler er blant annet at vi høster ledere av det. Det er et middel til å føre videre den Gudgitte brannen en bærer i sitt hjerte.

Chris belyste også en måte å lese Bibelen på ved å ha følgende spørsmål i

bakgrunnen: «Hva sier Ordet om Guds karakter? Hva sier Ordet om oss og hva som trengs å forandres i våre liv?»

Vi leser i Bibelen for å bli bedre kjent med hvem Gud er. Han vil at vi skal forstå at Han er en god Far som har omsorg for oss. Han er full av godhet som Han gir til oss gratis.

Vi leser i Bibelen for å finne ut hva Gud ønsker å forandre i våre liv, det som





ikke er rett i våre røtter. Der ligger vår tro. Det kan hende vi tror på noen løgner i livet vårt. Det kan gi konsekvenser som ikke er gode.

Til slutt vil jeg presentere en modell på en disippelskapsgruppe etter Chris sin undervisning. Han underviste også litt om det på GPS i Wales i september 2015, gjengitt i KFH-blad nr. 4/2015.

En eldre erfaren kristen inviterer 1-3 kristne han/hun kjenner til å møtes 1-2 timer en gang for uken 12 ganger med evaluering etter 6 ganger. En skal disippelgjøre hverandre gjennom å arbeide med følgende spørsmål:

1. Hva er du takknemlig for ? Også leder deler sitt.
2. Hva strever du med? Be for hverandre. Også leder deler sitt og blir bedt for.
3. Hvordan har det gått med det du strever med? Viktig med ansvarlighet.
4. Gi hverandre visjoner og håp som inspirerer.
5. Lese fra Bibelen. Hva sier det du leser om Guds karakter? Hva trengs å forandres i ditt liv så det skal komme i overensstemmelse med det du leser?

6. Praktisering. Hvordan gi videre det du har lært? Hvordan begynne å disippelgjøre andre?

7. Sette mål.

Målet er at en gjennom de tolv ganger skal ha modnet slik at en selv kan ta initiativ til å be noen en kjenner med mindre kristen erfaring til en ny disippelskapsgruppe, slik at en kan utvikle den gruppen en var i. På denne måten kan stadig nye mennesker bli disippelgjort. Med andre ord så skjer det en multiplisering i disippelgjøring. En kommer i funksjon på en helt annen måte enn når er med i samme gruppe over mange år med samme personer.

Jeg vil inspirere eldre kristne helsearbeidere til å invitere yngre kristne helsearbeidere til å danne disippelskapsgrupper.

Uansett tror jeg det er Guds vilje at vi kommer inn i livsstil der vi alltid gjør disipler både i og utenfor en gruppe. Alt vi gjør og sier skal være med på å bringe mennesker nærmere Jesus.

Anne Marit





SALINE

– mine tanker etter å ha deltatt på Salinekurs

Først må jeg vel innrømme at jeg var litt i tvil om jeg skulle være med på kurset, men jeg er glad for at jeg var med. Kurset ble holdt av Nina Lindstrøm fra Sverige og Anne Marit Dugstad fra Norge. Jeg var med på en kortversjon (som varte kun en dag istedenfor to). Det var undervisning, litt gruppearbeid og aktualisering av problemstillinger i form av dramatisering.

Jeg vil referere litt fra denne aktualiseringen, og litt fra den videre undervisningen.

Eksempel - En mann var restituert etter en stor bilulykke, men blir etter noen måneder innlagt på nytt pga selvmordsforsøk. Mannen var i det ytre restituert men hadde opplevd en opprivende situasjon som stakk mye dypere enn det kroppslige. Nå var han inne til samtale hos helsepersonell (dramatisert av Nina og Anne Marit, seinere skulle vi delta-kerne prøve oss i samme situasjon).

Hvordan møte ham og hvordan lytte og gi råd?

Når et menneske går fra en situasjon fra frisk og aktiv til å bli syk, er det mange eksistensielle spørsmål som dukker opp? Hvorfor lever jeg? Hva er meningen med livet. Hvorfor skulle dette hende meg? Finnes det noe/noen som kan hjelpe meg? Finnes det noen Gud? Her har helsearbeidere en viktig rolle i å lytte, være medfølende og møte dette mennesket med varsomhet og respekt.

Hvorfor er det viktig å inkludere tro på min arbeidsplass og hva er hindringene?

Forskning* viser at det er positiv sammenheng mellom tro og sykdom (forebyggelse av sykdom, evnene til å takle sykdom, bedringspotensiale/-resultat). Av egen erfaring så opplever jeg at pasienter føler seg ekstra ivaretatt dersom sykepleier også har lagt vekt på å gi åndelig omsorg.

Hindringer hos yrkesutøveren (helsearbeideren) kan være:

- mangel på tid
- manglende evne/lyst til å snakke om åndelige spørsmål
- manglende evne/sensitivitet til å identifisere pasientenes sitt behov for å snakke om tro
- dette har lite oppmerksomhet/vektlegging på din arbeidsplass (redd for å overføre egen tro til pasient)

Det kan også være hindringer hos pasienten:

- følelsesmessig (dette er for personlig, jeg føler meg ikke trygg nok, er ikke opptatt av tro)
- intellektuelt (uvitenhet, misforståelse)
- viljemessig (føles skremmende å gå nye veier, vil ikke tro på noen jeg ikke ser)

Hvor er pasienten på trosveien? Viktig at de kristne helsearbeiderne går



sammen med pasient på deres trosvei og at kjærlighet og omsorg gis uten vederlag. Men de kan si hva han/hun selv står for og hva som har vært til hjelp for en selv (heise trosflagg).

Å være en kristen helsearbeider er å være helt avhengig av Jesus slik at han kan forme oss og gi oss visdom til å kjenne pasientenes behov og nød.

Fire viktige egenskaper er:

- Faglig kompetanse
- Medlidenhet/medfølelse
- Mot
- Kommunikasjon

Et viktig redskap er bønn. Bønn for pasientene, for medarbeiderne, lederne, arbeidsplassen og bønn for deg selv.

«Be for oss...at Gud skal åpne en dør for ordet, så vi kan forkynne Kristi hemmelighet...Be også at jeg må få kunngjøre det slik jeg skal. Vis forstand i omgang

med dem som står utenfor, og kjøpe den rette tid. Tal alltid vennlige ord, men la dem ha salt og kraft, så dere vet hvordan dere skal svare hver enkelt» (Kol. 4.3-6).

Anne Marit har tidligere skrevet om Saline, og jeg vil henvise til hennes innlegg i KFH-kontakt nr. 2/2014 for at du skal få litt mer utdypet kjennskap til Saline. Vi skal også ha et kurs i Oslo til høsten 2016.

Med vennlig hilsen

Sigrun D. Sollien

*Koenig, H.K.McCulough, M.E.Larson, D.B. «Handbook of religion and health», Oxford University, Press 200. As found in: Spiritual values and skills are increasingly recognized and necessary aspects of clinical care. British Medical Journal. Des 21.2002, 325;1434-1435.



Kursledere og 4 kursdeltagere etter gjennomført Salinekurs.

Alett (2. person fra v. bak) var kun observatør



ULIKE GUDSBILDER

*Hvordan de skapes og utoikles
Lovisenberg 8. april 2016*

K^{FH} var så heldige å bli invitert til dette miniseminaret i Oslo, arrangert av Norges Kristelige Legeforening. Kristina Berg Torskenes fikk orientere om KFH, da spesielt om «Nøkler til åndelig omsorg» og «Saline».

Eivind Sætre, fra Norsk Luthersk Misjonssamband, underviste om ulike Gudsbilder. Vi opplevde det positivt å bli invitert av Legeforeningen, og ser fram til mer samarbeid i tiden som kommer.

I det følgende vil vi gjengi Sætre sine notater og noen av hans Power Points.

- Vårt Gudsbilde skapes i skjæringspunktet mellom åpenbaring og erfaring.

- Åpenbaring = Guds Ord

- Det hadde vore enkelt om det var slik at det bare er Guds Ord som formar vårt gudsbilde.

- Dersom vi kvar for oss fekk i oppgave å teikna eit bilete av Gud slik Han vert framstilt i Guds Ord, så kan det tenkjast at vi ville presentert ei framstilling som var noko lunne lik – med mindre nyanser.

- Men det ville vore eit teoretisk, eller dogmatisk/teologisk bilete – eit bilete som ikkje nødvendigvis hadde noko med mitt erfarte liv å gjera.

- Når vi talar om vårt gudsbilde, så meiner vi det bilete av Gud du ville måla dersom du vart beden om å beskrive ditt bilete/oppfatning av Gud.

- Men det er ikkje slik å forstå at du står fritt til å «skape» Gud i ditt bilde.

- Det er her samspelet mellom Guds Ords openbaring om kven Gud er, og ditt livs erfaring av kven Han er spelar saman til danninga av ditt gudsbilde.

- Då får vi fort ganske mange ulike måtar vi menneske kan tenkje om Gud på.

- Alt frå dei som kan seie at mitt livs erfaring samsvarar med Gud openbaring – til dei som må seie at der er ein enorm avstand mellom openbaring og erfaring i mitt liv.

- Så er det også viktig å seie at vårt gudsbilete ikkje er statisk.

- Det vert gjennom heile livet lagt nye strøk til i biletet – enten av ljose eller mørke fargar.

- For ikkje så mange veker sidan vart Mona og eg invitert ut som for å eta saman med eit ektepar som eg ser på som solide kristne.

- Barn som møter motgang på motgang i livet – det er uforståeleg.

- Hjartesukket kjem: «Eg forstår ikkje Gud lenger – kva er det Han vil??»

- Gudbiletet slår sprekker, og nye ukjende fargar trer fram.

- Lat oss starta med spørsmålet: Kor startar danninga av vårt gudsbilete?

- Som det meste i livet, så startar også dette med våre foreldre.

- Det er noko som er nedlagt i sjølve skaparordninga.

- 1. Mos. 1, 27-28



*«Vi er skapt i Guds bilde, men alle andre bilder har vi langt på veg fått av våre foreldre»
(Fritt etter Magnus Malm)*

Den strenge far

Gud blir ikke lenger en far som gir trygghet og kjærlighet, men en far som en er redd for, må beskytte seg mot, må holde på avstand. Han blir et slags overvåkningspoliti som hele tiden er ute etter å ta en. Han straffer mer enn han viser nåde.

Den fjerne

Kanskje det vanskeligste gudsbildet. Hvordan skal en forholde seg til en som aldri har vært der, eller som forsvant?

Gud er nok oppe i sin himmel. Jeg, derimot, er overlatt til meg selv, og merker ikke mye til hans nærhet, omsorg og støtte.

Den overbærende

Gud er så forståelsesfull at han godtar alt. Det er ikke sikkert at kirken og de kristne godtar mine verdier og min livsførsel, men Gud godtar. Gud sier bare "ja", aldri "nei". Han stiller ingen krav, og kaller aldri til omvendelse. (I mye moderne teologi godtar Gud det aller meste. Det er "bakkemannskapet" hans som har vanskelig for å godta. Det moderne mennesket har ikke så vanskelig for å tro at Gud tilgir. Tvert imot, det har mer bry med å tro at han dømmer).

Et sant gudsbilde

Ingen kan påberope seg et fullstendig sant gudsbilde.

Våre gudsbilder skapes i skjæringspunktet mellom openbaring og erfaring.

Jesus er ikke menneskers bilde av Gud. Han er Guds bilde av Gud.

Kol. 1, 15 "Han er den usynlige Guds bilde/ikon".

Et sant gudsbilde

Først når jeg våger å snakke ærlig med Gud om mine dypeste følelser og tanker, kan Gud få stige frem for meg med sitt sanne ansikt.

Jeg stiger ut av min taushet overfor Gud, og Han stiger ut av sin taushet overfor meg.

Den som gjør rett og er hel i sin ferd og taler sannhet fra hjertet.

Salme 15, 2.



Aleksander Helmersberg (39) tømte sparekontoer for å satse på en språk-app som skulle gjøre det lettere for barn med språkvansker å kommunisere. I februar mottok han Menneskeverds Livsvernpris av Fabian Stang på Hotel Bristol i Oslo.

Tekst: Maria Victoria K. Aanje, Menneskeverd

Foto: Elin Bergendahl

Det var en spent prisvinner som i februar gikk opp på podiet for å motta Menneskeverds Livsvernpris 2016 av tidligere ordfører i Oslo, Fabian Stang.

– Takk for at dere er de dere er, sa Stang idet han overrakte prisen til hele familien.

Stang poengterte viktigheten av arrangementer som Livsvernprisen.

– Vi behersker teknikken for å abortere barn som Milla og bombe flyktninger. Men hvordan vi skal oppføre oss overfor Milla ansikt til ansikt, finnes det ikke noen god oppskrift på. Derfor er det så viktig med arrangementer som Livsvernprisen, som minner oss på de viktige verdiene i samfunnet, sa Stang i sin tale til prisvinneren.

Fabian Stang tok seg tid til å intervju Milla foran de fremmøtte.

Så rettet han en stor takk til Milla, datteren til Aleksander, som har Downs syndrom.

– Takk skal du ha Milla, for at du gidder å holde ut med oss, sa Stang til stor applaus fra salen.

En tydelig rørt prisvinner

Aleksander lot følelsene strømme på da han skulle takke sine nærmeste i sin tale.

– Det engasjementet vi har møtt fra starten av utviklingen av “Milla Says” har vært enormt. Det vi har opplevd, har bare vært godt, sa Aleksander.

Han benyttet anledningen til å takke sin samboer og beste venn, Camilla Waage.

– Du gir meg påfyll, og du gjør at vi er her i dag, sa en rørt Aleksander til sin Camilla.

I talen etterlyste han systemer og politiske løsninger som kan legge til rette for de foreldrene som faktisk velger å beholde barn som Milla.

– Det er slik vi kan være og forbli et raust samfunn, sa han.

Aleksander understreket at utviklingen av språk-appen “Milla Says” bunner i et sterkt engasjement for sin datter, Milla.

– Dette handler i bunn og grunn om at jeg vil jobbe hardt for at Milla skal bli den beste versjonen av seg selv, sa Aleksander.

Flere ville gi en hilsen til prisvinneren.

Blant de 170 fremmøtte på Hotel Bristol i Oslo under prisutdelingen, var det flere som ønsket å gi en hilsen til årets prisvinner.

Geir Lippestad, vinner av Livsvernprisen i 2014, var tydelig imponert over



Familien Helmersberg-Waage sammen med generalsekretær i Menneskeverd, Liv Kjersti S. Thoresen.

det Aleksander har fått til. Han trakk frem Milla som en viktig brikke i den nye gründerbedriften.

Geir Lippestad berømmet Aleksander for hans arbeid for likeverd.

– Milla er direkte årsak til at dere har startet en innovasjonsbedrift. Det er ofte et regnestykke man ikke tenker over når man snakker om mennesker med Downs syndrom, sa han i sin hilsen.

Lippestad nevnte også at han gjerne skulle hatt tilgang til en språk-app som “Milla says” da hans datter Rebekka levde. Han tror nå at språk-appen kan komme til nytte for mange grupper i samfunnet.

– I likhet med Rebekka, er det mange som kan ha glede av et slikt redskap som

“Milla says”. Både gamle mennesker, folk med muskelsykdom og andre som trenger litt ekstra hjelp for å bli forstått, sa Lippestad.

Blant de som også ga prisvinneren en hilsen i dag var næringsminister Monica Mæland, forfatter Trude Trønnnes og KrF-leder Knut Arild Hareide.

Dette krever en hel familie.

Generalsekretær i Menneskeverd, Liv Kjersti S. Thoresen, ledet tilstelningen og benyttet anledningen til å gi hele familien honnør.

– Det krever en familie i ryggen for at dette produktet kunne bli mulig. Takk for at dere har stått sammen med Aleksander slik at han kunne realisere språk-appen «Milla Says», sa hun.



I fleire år hadde eg gått med ei helseplage. Etter grundig utredning uten å finne svar, valde eg ein dag i samråd med legen å la dette vere den siste konsultasjonen og heretter leve med plagene. Det fall ein underleg fred over meg etter dette valet.

Kort tid etter var eg på ein konferanse med Kvinner i Nettverk. Der kom eg i prat med ei kvinne eg hadde møtt i KFH- samanheng for rundt 25 år sidan. I løpet av samtalen fortalde ho meg om ei bønegruppe ho hadde vore med å starte for ca. 30 år sidan og som framleis var aktiv. Så seier ho til meg at dersom eg hadde eit personleg bønneemne kunne dei gjerne be for meg i denne gruppa. Eg takka og tenkte raskt igjennom kva eg hadde av bønneemne og sa eg ville kome tilbake til det. På slutten av konferansen kom ho til meg på nytt og gjentok det ho hadde sagt. Det at ho nemnde dette for andre gong rørte ved meg. Den omtanken ho syntte meg gjekk meg rett til hjarte. Men likevel kjende eg framleis at eg ville tenkje på det. Eg fekk telefonnummeret hennar og vi drog kvar til vårt.

Etter eg kom heim gjekk eg ein dag ein lang tur åleine. Halvvegs på turen melde denne helseplaga seg. Eg stoppa opp der inne i skogen og tenkte litt fortvila at dette gjer verkeleg noko med livskvaliteten min. Eg sa til Jesus som eg hadde sagt så ofte før, at no var eg ordentlig lei dette og trengde hjelp. Då kom det tydeleg for meg at eg ville be om forbøn i den gruppa eg hadde fått kjennskap til. Eg tok fram mobiltelefonen og forma ei melding til denne kvinna eg hadde møtt. Lenge stod eg der og las omatt og omatt meldinga eg hadde skreve, før eg endelig trykte på sendknappen.

Brått var det som om himmelen var open over meg. Eg visste at bønna om hjelp ville nå denne bønegruppa, men at den også der og då nådde fram til Jesus. Ja, eg kjende at eg kunne forvente svar. Og svaret kom, for etter den stunda der inne i skogen har plagene vore heilt borte. Men fyrst etter eit heilt år våga eg å stole på at den var borte for alltid. Eg kjenner meg audmjuk, takksam og glad. All ære til Herren!

Solfrid Lien Reite

Kjære Trofaste Medlemmer!

HJERTELIG TAKK for gaver, både store og små, som har kommet inn i det siste, men det er noen som fremdeles IKKE har betalt kontingent for 2016. Vi er meget takknemlig hvis dere kan betale dette så fort som mulig.

KFH Styret vil gjerne ha deres e.post adresse og eventuelt mobilnr. for å få en tettere kontakt. Hensikten med dette er å formidle informasjon på en raskere måte. Kan du sende informasjonen til:

Sigrun D. Sollien <sisollie@online.no>

Varme hilsener,

KFH Senteret



Kjære dere alle!

Hva har du vært opptatt av i dag? Hvor har du festet blikket? Det er ikke uvesentlig hvor vi fester blikket, for det vi fester blikket på gjenspeiler seg i våre øyne og styrer skrittene våre. I brevet til Hebreerne så oppfordrer Paulus de kristne om å feste blikket på Jesus. Ja at vi skulle tenke på Ham så vi ikke skulle bli trette og motløse (Hebr.12.1-3). Jeg husker at jeg skulle gå på en fjelltopp en gang. Jeg var veldig sliten og følte at jeg ikke orket å gå videre, Da var det at en avt lederne i følget pekte oppover og sa: «Se, du er snart framme! Der er toppen!» Det var som kreftene kom tilbake og det ble lett å gå de siste skrittene. Slik er det også å feste øynene på Jesus. Han kan gi ny kraft, nytt mot, tilgivelse, visdom og fred. Se på Jesus, hva han har sagt og gjort og hva han kan gjøre nå. Se på Jesus, – hans medlidenhet med de som hadde (har) det vondt. Og ikke minst. Se på Jesu frelsesverk på Golgata!

Takk for:

- for Jesu kjærlighet, hans visdom og makt!
- at Jesu rettferdighet gis som en gave til alle som vil ta imot!
- for alle bønnegruppene/foreningene i KFH

Be for:

- vi ber om 5 nye bønnegrupper i KFH
- økonomien. Om flere givere, og at vi som forvalter økonomien skal forvalte den godt.
- landsmøtet som skal være på Voss (Helgatun) i aug. 2017
- Salinekurset som skal være i Oslo 15. okt. 2016

Bruk bønnefolderen!

Sigrun

Returadresse
Kristen Forening for Helsepersonell
Hegdehaugsveien 5A
0352 Oslo
Tlf.: 22 69 44 51

HVA SKJER I 2016/2017?

15 eller 22 okt. 2016 – Salinekurs
Undervisere: Nina Lindstrøm og Anne Marit Dugstad
Sted: se vår nettside **kfhelse.no**
for mer opplysninger.

16 – 21 januar 2017 – HCF – Europeisk Bønneveke
Sted: Ashburnham Place,
East Sussex, England
<http://www.ashburnham.org.uk>
se vår nettside **kfhelse.no**
for mer opplysninger.

Ashburnham Place is a well established centre of intercessory prayer and it's extensive grounds with plenty of quiet walks makes it very suitable for a prayer retreat.

10 – 13 august 2017 – KFH Landsmøte på Voss
se vår nettside **kfhelse.no**
for mer opplysninger.